



## Opplasting med FotoWeb Desktop

Dersom du skal laste opp mange bilde eller filmer frå datamaskina, kan FotoWeb Desktop vere eit klokt val. Med FotoWeb Desktop kan du legge inn nøkkelord eller anna tekst som er felles for heile serien, men du kan òg tilpasse på kvart enkelte bilde. Du kan altså legge på alle metadata før opplasting. (I motsetning til når du lastar opp frå bilde.mrfylke.no der du først legg inn alle tekstane som er felles for heile serien, og så må du inn i «Mine bilder» for å legge til det som er spesielt for det enkelte bilde.)


- 1) Klikk på den vesle trekanten i oppgåvelinja nede til høgre.
- 2) Klikk på ikonet for «FotoWeb».
- 3) Klikk på «Upload».




- 4) Skriv inn ditt vanlege brukarnamn og passord (FEIDE / Citrix / AD), merk av for «Save password» og klikk «Logon...»



- 5) Klikk på «Select files...» og vel ønska filer (t.d. ved å halde Ctrl-tasten nede når du klikkar med musa på ønska fil).



- 6) Merk dei bilda som har mykje felles (bruk gjerne Ctrl-tasten).



- 7) Klikk på «Add text to selected...»

Fyll ut dei gule felt


8) Tittelen bør vere kort og grei.

Feltet «Beskrivelse» er frivillig, men dersom du har fotografert personar, må du skrive kven som er på bilde her t.d. «På første rad frå venstre ser vi Håvard Hedde i kystdrakt og Kari Knudsdotter i Nordmørsbunad».

FØR du lastar opp bilde med personar, må dei som er med godkjenne bruken, sjå [mrfylke.no/bilde](http://mrfylke.no/bilde) for reglar og unntak

Det du skriv inn blir felles for alle dei valde bilda, men dette kan du enkelt forandre etterpå.

9) Klikk på «Tekstinformasjon»




10) Skriv inn fullt namn på fotografen og klikk «Add».


11) Vel ønska bruksrett.

12) Gode nøkkelord / tags er heilt avgjerande for at bilda blir funne og dermed kan bli brukt. Start gjerne med å skrive kor bilde er tatt, for eksempel «skoletur» og «Runde». Finn generelle ord som beskriv innhaldet, for eksempel «natur», «hav» og «solskinn». Finn spesifikke nøkkelord, for eksempel «Lundefugl» og «Havørn». Prøv å skrive minimum 5 nøkkelord til kvart bilde, men gjerne 20 😊

Klikk «OK».



13) Klikk på «Metadata» for å legge til tekst på enkeltbilde. Du kan òg fjerne eller forandre tekst eller bruksrett dersom du la inn dette tidlegare.



14) Klikk «Upload all files» når du er ferdig med å legge inn all tekst.